

Ny skiløype i Todalen

I dag er det hovudsakeleg ei skiløype i nedre del av Todalen i samband med Toåa tursti, og lysløypa på Tjønnyran. Eg trur at lysløypa blir relativt lite bruka grunna at ho er for kort og at ein renner fram og attende same veg. Eg føreslår å sette ned ei arbeidsgruppe som skal sjå på moglegheitene for å utvide dette tilbodet slik at ein kan renne på langrennsski mellom Halsbua og Kårvatn på begge sidene av elva der dette er mogleg. Dette for å utvide tilbodet for langrennsski og dermed gjere det lettare tilgjengeleg for fleire å renne på ski frå der dei bur.

Her ser ein at det er potensiale for ein lang runde på 24km (grovt mål, truleg noko lengre) dersom ein ynskjer det, men samstundes kan ein ta kortare turar ved å lage overgangsløyper over Ytter brua, brua ved Talgø gard, Hengebrua og Brusetbrua.

Utover i sesongen når snøen gradvis smeltar og blir utilgjengeleg for ski vil ein framleis kunne nytte dei øvre delane. Dermed vil tilbodet gi alternativ til dagens løype i nedre Todalen som er utsett for snøsmelting enkelte år. Dette vil også gi større moglegheit for skirenn på Tjønnyran, da løypa er foreslått å gå gjennom lysløypa på Tjønnyran.

Dersom dette gjennomførast er det ei føresetnad at gruppa skaffar løyve frå grunneigarar og vidare fremmar god dialog med dei. Prosjektet vil truleg utløyse ein del dugnadsarbeid i form av traserydding. Det kan også vere naudsynt med enkle bruer over bekkar og småe elver. Ein annan ting som må tenkast på er om ein må utvide løypegruppa med meir mannskap.

Da dette er eit openbart helsefremmande tiltak som vil betre buforholda i bygda kan ein søke naudsynt finansiering frå fleire aktørar.

Oversiktskart over potensiell trase:



